

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET I BØMLO BÅTLAG – 21.012.13

1. Konstituering

Det møtte i alt 12 medlemmer på årsmøtet,

A. Opning

Leiaren, Jon Helge Talmo, ønske velkommen og opna årsmøtet.

B. Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden vart godkjend utan merknader.

C. Val av møteleiar

Jon Helge Talmo var vald til møteleiar.

D. Val av referent

Kåre Bogetveit vart vald til referent

E. Val av to medlemmer til å underteikna protokollen

Følgjande vart valde til å skriva under protokollen:

Willy Lodden

Ove Aga

F. Årsmelding

Årsmeldinga vart godkjend utan merknader.

G. Revidert rekneskap

Kasserar hadde godkjend forfall, så rekneskapen vart lagt fram for årsmøtet av leiar og skrivar.

Rekneskapen vart godkjend utan merknader.

H. Forslag fremma av styret

A. Tillegg i Hamnereglane

Vedtak: *Årsmøtet* vedtek tillegget i Hamnereglane §9:

Landstraumkabelen skal vera tilpassa kvar båt, slik at det ikkje er skøyt i kabelen mellom båt og straumuttak.

B. Dugnad

Vedtak: Styret tek med seg dei momenta som kom fram i drøftingane på årsmøtet og organiserer dugnadsarbeidet i 2013 ut frå dette.

I. Forslag til kommande års budsjett

Budsjettforslag til 2013 vart lagt fram for årsmøtet og godkjend med følgjande merknad:

Det bør arbeidast inn utgifter til utskifting av ein ny seksjon i den gamle flytebrygga.

J. Val av styre

Valnemnda la fram følgjande forslag:

Leiar:	Jon Helge Talmo	1 år
Nestleiar:	Nils Olson	1 år
Skrivar:	Kjell Idar Lønning	2 år
Kasserar:	Kristen Thorsen	1 år
Havnesjef:	Arvid Kallevåg	2 år
Styremedlem:	Leif Toft	1 år

Varamedlemmer:

Svein Eide

Nils Petter Vespestad

Vedtak: Valnemnda sitt forslag vart vedteke.

Arrangementskomite:

Ruth Lillian Lønning

Oddbjørg Vika

Evy Hovland

Torbjørn Hansen

Terje Kallevåg

Katja Dienemann

Vedtak: Valnemnda sitt vedtak vart vedteke


K. Val av revisor

Vedtak: John Helmer Monsen vart vald


L. Val av valnemnd på tre medlemmer og eitt varamedlem.


Erlend Nilssen
Tor Inge Vestvik
Tjerand Pettersen

Vedtak: Valnemnda sitt forslag vart vedteke.

Bømlo Båtlag 24.02.13

Kåre Bogetveit
Skrivar

Underskrift av protokoll:


Willy Lodden


Ove Aga